



HJELMELAND
KOMMUNE

SNART SKULESTART!

Eit orienteringshefte til foreldre/føresette



Utarbeidd mars 2016
Revidert mai 2018
Revidert januar 2022



Velkomen til «Hjelmelandsskulen»!

Me gler oss til å ønskja ditt barn velkomen til «Hjelmelandsskulen».

«Hjelmelandsskulen» er eit omgrep me nyttar når me snakkar om alle skulane i kommunen:
Fister skule, Hjelmeland skule og Årdal skule.

Med dette heftet ønskjer me å gje informasjon om opplæringstilbodet i grunnskulen i Hjelmeland kommune, og kva som vil skje framover mot skulestart.

«Hjelmelandsskulen» sin visjon er: **«Gjera kvarandre gode»**.

I løpet av skuletida skal elevane nå mange læringsmål, og både leiinga ved skulen, lærarane og andre tilsette har ansvar for å leggja til rette for denne læringa. Læring er ein prosess som vil krevja både vilje, innsats, mot og arbeid. Gjennom høg fagleg kompetanse og tydeleg vaksenrolle skal lærarane leggja til rette for læring av fag, ferdigheter og haldningars. Elevane si meistring og læring gjennom aktiv deltaking skal utvikla eit positivt læringsmiljø prega av trivsel, inkludering, ansvar og respekt. Heile læringsoppdraget skal skje i nært samarbeid med foreldre/føresette. Det er viktig at foreldre/føresette deltek både i arbeidet rundt sitt barn, og når det gjeld heile gruppa/trinnet og skulen.

På heimesida til Hjelmeland kommune (www.hjelmeland.kommune.no) vil du finna ytterlegare informasjon om skulane i kommunen.

Velkomen som foreldre/føresette i «Hjelmelandsskulen»!

Med venleg helsing

Hjelmeland kommune
Oppvekst



Skulestart

Overgang barnehage-skule

For å sikra ein god overgang frå barnehage til skule, har Hjelmeland kommune utarbeidd «*Plan for overgang mellom barnehage og skule/SFO*». Denne er utarbeidd i samarbeid mellom barnehagane og skulane. Du kan finne planen på kommunen si heimeside.

Barnehagane og skulane har eit felles ansvar for at barn på best mogleg måte møter skulen med eit godt sjølvbilete og tillit til eigne evne. Målet er at barn og foreldre/føresette skal få informasjon om og kjennskap til skule og SFO før oppstart. Vidare er det viktig at barnehagane overfører nauðsynt informasjon til skulane, til beste for barnet og i nært samarbeid med foreldre/føresette.

I februar/mars månad vert foreldre/føresette og elev invitert til informasjonsmøte (innskriving) på den aktuelle skulen, og i mai/juni vil det verte arrangert førskuledagar. Informasjon om dette får de frå den aktuelle skulen. Det vil og verte overgangssamtalar mellom barnehagen og foreldre/føresette, og overføringsmøter mellom tilsette i barnehagen og skulen.

Nærskulen

I opplæringslova § 8.1 står det: «*Grunnskoleeleverne har rett til å gå på den skolen som ligg nærest eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gi forskrifter om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til.*»

Vanlegvis er nærskulen den skulen som ligg nærmast der barnet bur i kommunen.

I Hjelmeland kommune har me tre skulekrinssgrenser: Årdal, Hjelmeland og Fister.

Ønskjer foreldre/føresette at deira barn skal få tilbod på ein annan skule enn nærskulen, skal søkeren verte handsama av kommunalsjef for oppvekst. Dersom eleven får skuleplass på ein annan skule enn nærskulen, må foreldre/føresette sjølv dekka eventuelle utgifter til skuleskyss. Det kan ikkje verte garantert at yngre søsken får plass ved same skule.

Hjelmeland kommune har ingen private skular.

Heimesider

Skulane og SFO i Hjelmeland kommune har heimeside under kommunen si heimeside. Her finn du m.a. generell informasjon om skulen, kontaktinformasjon og informasjon om FAU og SU.

Samarbeid

Eit godt samarbeid mellom heim og skule byggjer på god dialog mellom lærarar og foreldre/føresette om eleven si læring og utvikling. Det er viktig at heim og skule avklarar kva forventningar dei har til kvarandre slik at den einskilde elev får eit best mogleg opplæringstilbod.

Evaluering og utviklingssamtalar

Minst to gongar i året vert det gjennomført ein planlagd og strukturert utviklingssamtale mellom eleven, foreldre/føresette og kontaktlærar. Utviklingssamtalen dreier seg om den faglege og sosiale utviklinga til eleven. Den avsluttast med ei oppsummering av korleis heim og skule saman skal støtta opp om eleven sitt vidare læringsarbeid. For at ein utviklingssamtale skal fremja læring og meistring, er det svært viktig at foreldre/føresette og lærarar saman støttar opp om eleven sitt læringsmiljø.

Foreldremøte

På foreldremøte gir lærarane informasjon av meir generell karakter som gjeld heile elevgruppa. Det kan vera saker/tema knytt til klassemiljø, fagplanar, spesielle satsingsområde, haldningar gjeldande rus, vald, kriminalitet m.m. Skulane plar ha eit foreldremøte om hausten i september.

Informasjonsmøte (innskriving) for skulestartarane

Skulane i Hjelmeland har eit informasjonsmøte med foreldre/føresette i februar/mars, medan barna er i lag med fadrane sine på skulen. Målet med møtet er å gje informasjon om skulen sitt opp-læringstilbod, og om foreldre/føresette si rolle i opplæringa til barnet. På møtet er det mogleg å avklara gjensidige forventningar, og me ønskjer at møtet skal bidra til god kvalitet på samarbeidet heim-skule.

Foreldrekontaktar

Det skal veljast foreldrekontakte frå kvar elevgruppe. Desse skal m.a. ha som oppgåve å samarbeida med lærarane til elevgruppa og vera kontaktledd mellom foreldre/føresette og foreldre-rådet sitt arbeidsutval (FAU).

Aktuelle oppgåver for foreldrekontakte kan vera:

- Delta på FAU-møter
- Saman med kontaktlærar arbeida for eit godt læringsmiljø blant elevane
- Vera dei føresette sin talsperson ovanfor lærarar og rektor
- Vera tillitsvald for dei føresette, evt. planleggja og gjennomføra foreldremøte i samarbeid med kontaktlærar, eller eigne møte utanom skulen
- Drøfta saker som gjeld skulen sitt ute- og innemiljø
- Danna eventuelle nettverk for elevar og foreldre/føresette
- Legge til rette for/arrangere sosiale arrangement for elevane utanom skuletida

Råd og utval på skulen

Foreldreråd/FAU

Alle foreldre/føresette som har barn på skulen, er medlemmer av foreldrerådet. Foreldrerådet skal ivareta fellesinteresser til foreldre/føresette, og bidra til at foreldre/føresette medverkar aktivt for å skapa eit godt skolemiljø. Den einskilde skule sitt foreldreråd har eit arbeidsutval (FAU) som er samansett av foreldrekontakte. Dette arbeidsutvalet representerer alle foreldre/føresette ved skulen og handsamar saker på vegne av foreldrerådet.

Samarbeidsutval (SU)

Alle grunnskular skal ha eit samarbeidsutval, i følgje opplæringslova § 11-1.

Samarbeidsutvalet er det øvste samarbeidsorganet i skulen. Det skal sikre brukarmedverknad i styringa av skulen, og utvalet har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skulen. Utvalet skal bestå av to representantar for undervisningspersonalet, ein for andre tilsette, to for foreldrerådet (frå FAU), to for elevane og to for kommunen (kor den eine er rektoren).

Skolemiljøutval

Kvar grunnskule skal ha eit skolemiljøutval som er samansett av representantar frå elevane, FAU, dei tilsette, skuleleiing og skuleeigar. Skolemiljøutvalet skal medverka til at skulen, dei tilsette, elevane og dei føresette tar aktivt del i arbeidet for å skapa eit godt skolemiljø. Skolemiljøutvalet har rett til å uttala seg i alle saker som gjeld skolemiljøet.

Felles kommunalt FAU

Representant frå FAU ved kvar skule er med i eit felles kommunalt FAU.

Om skulen

Rektor har det overordna administrative og pedagogiske ansvaret for skulen si verksemnd. Alle skulane har samarbeid med helsetenesta, barnevern, NAV og andre instansar.

Elevane si opplæring vert organisert i grupper eller klassar. Denne organiseringa kan variera frå skule til skule. Kvar elev har ein kontaktlærar med ansvar for eleven si faglege og sosiale oppfølging og kontakt med heimen. Gruppene/klassane kan verte endra ut frå pedagogiske eller økonomiske vurderingar.

Rett og plikt til grunnskuleopplæring

Alle barn og unge har rett og plikt til grunnskuleopplæring frå det kalenderåret dei fyller seks år til dei har fullført det tiande skuleåret. Dei har rett til å få slik opplæring gjennom den offentlege grunnskulen, men plikta kan også ivaretakast gjennom opplæring ved ein offentleg godkjent privat-skule, eller foreldre/føresette kan ivareta opplæringa sjølv.

Rett til eit trygt og godt skudemiljø

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skudemiljø som fremjar helse, trivsel og læring, jf. opp-læringslova § 9A-2. Skulane arbeidar kontinuerleg med å fremje dette, og har nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakkassering.

Skuleåret – feriar og fridagar

I løpet av skuleåret skal elevane ha 190 skuledagar. Oversikta over feriar og fridagar vert kalla «skuleruta». Skuleruta finn du på Hjelmeland kommune si heimeside.

Start og slutt på skuledagen

Skulane i Hjelmeland kommune har ulik oppstart og slutt av skuledagen grunna skuleskyssen. Foreldre/føresette vil innan skulestart få utdelt oversikt over skuledagane si lengde og inndeling. Elevar med behov for tilsyn før og etter undervisningstid, kan nytta seg av skulefritidsordninga.

Skulefritidsordninga (SFO)

SFO gir eit omsorgs- og aktivitetstilbod til elevar på 1.-4. trinn, og eit utvida tilbod på 5.-7. trinn til barn og unge med særskilte behov. Informasjon om m.a. prisar, redusert foreldrebetaling og link til søknadsskjema finn du på kommunen si heimeside.

Gratis leksehjelp

Alle skular har eit tilbod om gratis leksehjelp som foreldra kan søkje om for barnet sitt. Søknad skjer via kommunen si heimeside. Skulane organiserer tilbodet ulikt.

Det er ikkje tilbod om skuleskyss etter leksehjelp.

Elevpermisjon

Undervisningstida er elevane si arbeidstid, og den skal verte respektert. Likevel kan det henda at foreldre/føresette ønskjer eller har behov for å søkja om permisjon for sitt barn. Lova gir høve til å innvilga elevpermisjon. Rektor kan etter vurdering innvilga permisjon med varigheit på inntil 2 veker (10 skuledagar). Ved søknad om permisjon skal ein nytta eige skjema på heimesida til kommunen («søknad om skulefri»). Søknaden sendast i god tid før permisjonen skal starta.

Fråvær

Når eit barn ikkje kan kome på skulen (fråvær) skal foreldre/føresette gje skulen beskjed så snart som råd via meldingstenesta Transponder. Skulen ønskjer å få beskjed før skulestart den fyrste dagen eleven er vekke. Skulen skal så snart som mogleg gje beskjed til heimen om eleven ikkje møter på skulen, og dei ikkje har motteke melding frå foreldra/føresette.

Er det sannsynleg at barnet får eit sjukefråvær på meir enn to veker, kan det vurderast om opp-læring i heimen er aktuelt.

Målform

Hovudmålet i Hjelmeland kommune er nynorsk. Foreldre/føresette har moglegheit for å velja skriftleg opplæring på eit anna hovudmål enn det kommunen har vedteke, sjå opplæringslova § 2-5 eller ta kontakt med oppvekstkontoret.

Samisk

Dersom minst ein av dei føresette til ein elev står i samemanntalet, har eleven rett til opplæring i samisk. Ta kontakt med rektor på skulen dersom du ønskjer slik undervisning.

Kristendom, religion, livssyn og etikk (KRLE)

Kristendom, religion, livssyn og etikk er eit ordinært skulefag som normalt skal samla alle elevane. Undervisninga i faget skal ikkje vera forkynnande. Undervisninga i KRLE skal gje kjennskap til kristendommen, andre verdsreligionar og livssyn, kjennskap til kristendommen si betyding som kulturarv og til etiske og filosofiske emne. Undervisninga i faget skal bidra til forståing, respekt og evne til dialog mellom menneska med ulik oppfatning av trus- og livssynsspørsmål. Undervisninga skal presentera ulike verdsreligionar og livssyn på ein objektiv, kritisk og pluralistisk måte.

Fritak frå aktivitetar i opplæringa

Skulen skal visa respekt for elevane og foreldre/føresette sitt livssyn og sikra retten til likeverdig opplæring. Dersom foreldre/føresette opplever aktivitetar i skulen som utøving av ein annan religion eller livssyn, kan dei gje skriftleg melding til skulen om at dei ønskjer at eleven skal takast fri frå desse.

Skuleskyss

Hjelmeland kommune har vedteke eigne retningslinjer for skuleskyss (*Kommunestyrevedtak pr. 16.12.15*). Skyssgrenser for grunnskuleelevar i Hjelmeland kommune er følgjande:

- Elevar frå 1.-3. årstrinn har rett på fri skuleskyss dersom skulevegen er over 2 km.
- Elevar frå 4.-10. årstrinn har rett på fri skuleskyss dersom skulevegen er over 4 km.

Elevar som er varig eller midlertidig funksjonshemma, og som etter legeerklæring har behov for transport til skulen, har også krav på fri skuleskyss. Foreldre/føresette som vel anna skule enn nærskulen for sitt barn, har ikkje rett til fri skyss. Elevar som går i innføringsklassa får gratis skuleskyss når dei har lang skuleveg. Eit barn med delt bustad kan ha rett til skyss frå den eine eller begge føresette sin bustad. Ta kontakt med skulen for meir informasjon.

Forsikringar

Alle barn i offentleg skule er ulykkesforsikra etter gjeldande lov og forskrift til opplæringslova kap. 8. Eigendelane til barna er ikkje forsikra av kommunen. Foreldre/føresette må sjølv sikra desse gjennom eigne forsikringar. Foreldre/føresette kan gjerast ansvarlege for skader deira barn eventuelt påfører andre sin eigedom i skuletida, dersom det dreier seg om ein medviten handling som barnet er modent nok til å forstå konsekvensen av.

Teieplikt

Alle som arbeidar i skulen har teieplikt. Det vil sei at dei har plikt til å hindra at andre får tilgang til eller kjennskap til det dei gjennom sitt arbeid får vita om elevar eller foreldre/føresette sine personlege tilhøve. Teieplikta gjeld og for foreldrerepresentantane i skulen sine rådsorgan, foreldrekontaktar og foreldre/føresette som på ein eller annan måte er i skulen si verksemd (på leirskule, ekskursjonar o.l.). Teieplikta gjeld og etter at ein har sluttat i tenesta eller vervet.

Det er enkelte avgrensingar i teieplikta, det gjeld meldingar til barnevernet om omsorgssvik, mishandling av og overgrep mot barn og unge.

Opplysningar om elevane vert arkivert sikkert i elektronisk arkivsystem. Eleven sjølv og foreldre/føresette har innsynsrett.

Tidleg hjelp ... er god hjelp

Skulen har som målsetting å tilpassa opplæringa ut frå den einskilde elev sine evner og føresetnadar. Foreldre/føresette bør gje melding til skulen dersom barnet har spesielle vanskår, eller dersom dei trur barnet kan trengja ekstra hjelp etter tilrettelegging. Foreldre/føresette kan også direkte kontakt med pedagogisk-psykologisk teneste (PPT). Det er viktig å setja inn hjelpetiltak så tidleg som mogleg. Læraren har plikt til melda frå om elevar som ein trur har behov for særskild hjelp. Rektor organiserer hjelpetiltak innanfor dei ressursane skulen har til disposisjon. Det er mange ulike årsaker til at eit barn kan trengja hjelp. Barnet kan t.d. ha vanskår i sin kontakt med jamaldrande, språkvanskår, konsentrasjonsvanskår eller lærevanskår.

Nokre barn har ulike typar allergi og er avhengige av spesiell diett osb. I slike tilfelle er det fint om foreldre/føresette informerer skulen så tidleg som mogleg, slik at dette kan verta teke omsyn til allereie frå skulestart.

Elevar som har eit anna morsmål enn norsk, og som ikkje kan tilstrekkeleg norsk til å følgja den vanlege opplæringa, har rett til særskild norskopplæring. Om naudsynt kan eleven få tospråkleg fagopplæring og morsmålsopplæring. Skulen har ansvar for å kartleggja elevane sine språkferdigheiter og fatta vedtak om særskild språkopplæring dersom det er behov for det. Foreldre/føresette har rett til å klaga på vedtaket.

Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT)

Skular og barnehagar kan i samråd med foreldre/føresette ta kontakt med PPT dersom dei ønskjer råd og rettleiing. PPT greier ut og gir sakkunnig vurdering til skule og foreldre/føresette om tilrettelagt opplæringstilbod for dei barna som vert tilviste. Meir informasjon om PPT finn du på kommunen sine heimesider eller ved å ta kontakt med skulen.

Helse ... i skulen

Tannhelsetenesta

Barn og unge opp til 18 år har tilbod om gratis tannhelseteneste. Tannlegen har kontor på Hjelmeland i helsehuset. Elevane vert innkalla omlag ein gong pr. år.
Elevar som treng hjelp straks, kan ta kontakt direkte med tannlegekontoret.

Skulehelsetenesta

Skulehelsetenesta har som oppgåve å driva helsefremjande og førebyggjande arbeid i skulen. Helsesjukepleiar er å treffa på skulane på oppsette tider. Elevar og foreldre/føresette kan ta kontakt for å snakka om utfordringar kring barnet si helsemessige utvikling, læring og trivsel på skulen. I tillegg tilbyr skulehelsetenesta eit fast program som mellom anna omfattar vaksinasjonar.

Saman med skulen sitt personale har skulehelsetenesta ansvar for å følgja opp elevar med spesielle behov og leggja til rette for elevar med funksjonshemminger på best mogleg måte. Dei som arbeidar i skulehelsetenesta har teieplikt.

Skulehelsetenesta pliktar å føra journal med helseopplysningar for kvar ein skulehelsetenesta.

Denne journalen følgjer eleven til han/ho har avslutta grunnskulen. Ved flytting er hovudregelen at journalen vert overført til skulehelsetenesta ved den nye skulen. Dette for å sikra fagleg forsvarleg oppfølging. Foreldre/føresette har som hovudregel innsyn i journalen til eleven.

Ord og uttrykk

Opplæringslova

Lova omhandlar rettigheter og plikter i høve opplæring og skulegang i Noreg.

Opplæringslova er tilgjengeleg på nettsida: www.lovdata.no

Tilpassa opplæring

Tilpassa opplæring er eit overordna prinsipp i grunnskulen. Det betyr at alle elevar har rett til å få ei opplæring som stemmer i høve eleven sine evner og føresetnadar.

Spesialundervisning

Elevar har ulike behov og føresetnadar. For å gje eit likeverdig tilbod, må skulen gje variert og differensiert opplæring. Retten til tilpassa opplæring kan ein ta i vare innanfor ordinær opplæring, eller i form av spesialundervisning. *Elevar som ikkje har eller som ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilboden, har rett til spesialundervisning*, jf. opplæringslova § 5-1.

Enkeltvedtak og sakkunnig vurdering

Før kommunen gjer enkeltvedtak om spesialundervisning etter § 5-1, skal det ligge føre ei sakkunnig vurdering av dei særlege behova til eleven, jf. opplæringslova § 5-3. Vurderinga skal vise om eleven har behov for spesialundervisning, og kva for opplæringstilbod som bør givast. Ei sakkunnig vurdering vert utført av PPT.

Gratisprinsippet

Den offentlege grunnskuleopplæringa skal vera gratis for elevane. Det vil seie at kommunen ikkje kan krevja betaling for undervisningsmateriale eller aktivitetar som skjer i skuletida i skulen sin regi. Lova regulerer ikkje aktivitetar som vert arrangert av den einskilde skule og som ikkje er ein del av grunnskuleopplæringa, dvs. aktivitetar som fell utanfor verkeområdet for opplæringslova og forskrifter til lova.

Nyttig på nett

Hjelmeland kommune si heimeside:

www.hjelmeland.kommune.no

Utdanningsdirektoratet si heimeside:

www.udir.no

Foreldreutvalet for grunnskulen (FUG):

www.fug.no